Risegardane

Bilde viser Risegardane, bruk 1 framme til venstre, bruk 5 til høgre og bruk 4 bakerst.

Bruk 1.

Tidemann Olai Pederson Rise (1877-1956) gift med Ragna Olaidotter Eikeland (1886-1921)

Dei fekk borna Anna, Oddny og Per Ove. Per Ove overtok garden og deretter sonen hans, Atle Olav (1950) og kona Kari Johnsen (1955), som er drivarar i dag.

Det var her Rise telefonstasjon held til frå 1916 til 1964.

Tidemann og Ragna

Rise telefonstasjon:

Rise telefonstasjon kom til Rise i 1916. Telefonstasjonen held til på garden til Tidemann Rise og han var styrar. Søster hans Aletta, og døtrene Oddny og Anna sat på sentralen. Operatørane sat ved eit bord og ei tavle med masse pluggar, knappar og ledningar. På veggen var det ei tavle med alle telefonnummere, kvar mottakar hadde sitt hol. Når nokon bestilte eit nummer måtte operatøren ringe opp mottaker og koble samtalen saman ved og sette pluggen i rette nummer. Tida på samtalen blei registret med ei stoppeklokke og ført på ein lapp som blei lagt ved telefonrekninga.

På sentralen kunne ein også bestille telegram. Desse var mykje brukt til festlege anledningar som bryllaup, konfirmasjonar eller fødselsdagar. I bryllaup blei telegramma lese opp, og dei hadde gjerne festlige vers og helsingar.

På trappa utanfor Rise telefon stasjon. Styrar Tidemann i døra.



Bruk 4.

Knut Riise (1891- 1944) var gift med Helga Myklebust(1898-1949). Dei hadde ein adoptert son, Andreas Martin Riise(1932-2009)

Andreas overtok garden etter mora i 1952, men skjøtte bruket over til farbroren Ragnvald Oliver Rise i 1955.

Regissør Andreas Martin Riise

Andreas var aktivt med i amatørteater og nyttårsrevyar i Svelgen i første halvdel av 1950-åra. I 1957 fekk han begynne som skodespelarelev ved Komedieteateret i Bergen. I 1961 vart han regissør ved Odense Teater, som er Danmarks sitt eldste provinsteater, kor han også spelte fleire mindre roller, blant anna Bernando i «Hamlet». Han var også inspisient ved Ålborg Teater frå 1979 til 1987, men flytta tilbake til Odense og var der til 1992. Han reiste ofte tilbake til Rise.

Andreas Riise

Når onkelen Ragnvald døydde i 1967, arva Andreas og tanta Petra Albertina garden. Petra Albertina løyste ut Andreas same året og dreiv bruket vidare med kyr og noko sauehald.

Andreas var ugift og budde dei siste leveåra på Rise. No er alle døde og folk i Svelgen meiner at huset bør vernast.

Huset står i dag til forfall, då garden er kjøpt av Bremanger kommune og regulert til industriformål.

Her kan du høyre julesongen Andreas sende heim som ei helsing til tante Petra frå Danmark. Han spelar orgel og syng dansk julesong. Opptaket er gjort av han sjølv i Odense kyrkje i Danmark.

Bruk 5.

Bruk 5 og 1 er nærast uendra sidan industri-utbygginga

Peder Rise (1868- 1946) var gift med Rakel Dyrstad (1870- 1945). Dei fekk 7 barn.

Sonen Bjarne Rise (1902-1987) var gift med Klara Furset (1002- 1987) Dei fekk 2 barn. Sonen Rune Rise (1934-1976) gifta seg med Bertha Ask (1939)

Eigar i dag er datter Inger Rise (1960), som er gift med Per Otto Hallset (1952)

Bruk 5 sett frå Kyrkjeberget

Risesetra *er felles for gardane og alle har sitt eige sel.*

Naustneset *er sameige for Risegardane og blei nytta til sjøbuer- og naust til alle bruka. Her frakta dei også fram tømmer for vidaretransport.*



1. Historia om Svelgen og Øyratunet
2. Rise bruk 3
3. Svelgen skule
4. Risegardane
5. Bustadutvikling
6. Folkets hus
7. Ungkarsmessa
8. Brakkehaugen
9. Nye huset til Peder Rise
10. Bakarhuset
11. Risebrua
12. Sjukestova
13. Villabakken
14. Bakketunet
15. Hus 4 og 5
16. Rustadtun
17. Hus 8 og Driftstyrarbustaden
18. Sande og Risesaga
19. Elkem Bremanger
20. Samfunnshuset og Gunnar Scheldrup
21. Coopen, Børnefabrikken og knalltuten
22. Fylkeskaia
23. Sjøkanten og Kjelkenesbutikken
24. Sandegardane
25. Skyssbåtane
26. Realen
27. Kapellet
28. Avslutning